

Grunde Selås kvalifiserer absolutt til denne heiderstittelen. Han var i 1960 ein av initiativtakarane for å starte orientering i Førde IL, og deltok samme år som forelesar og instruktør på det første *"grunnkurs"* i bruk av kart og kompass. Seinare har han gjennom mange år gjort ein omfattande innsats for Førde IL Orientering, også ein periode som leiar i åra 1983-1984. Nå sist har han gjort eit viktig arbeid med å samle stoff og skrive «Idrettssoga i Sogn og Fjordane». Ein omfattande del av dette verket gjeld soga om Sogn og Fjordane Orienteringskrins, utgitt som eige hefte i samband med krinsens 50-års jubileum i 2014. I denne inngår også eit historisk samandrag av orienteringsaktiviteten i Førde IL. Sportsleg kan Grunde kanskje ikkje vise til dei fremste prestasjonane, men han er den som ligg på topp i antall år med fullført turorientering i laget